



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/innvalgsnr:  
Kimmo André Pakkala – 48 22 82 82

Vår referanse:  
15/251308

Deres referanse:

Vår dato:  
03.09.2018

### **Fv.563 Strømsnes – Hop – klage på vedtak om ekspropriasjon – gnr.4 bnr.1 i Askøy kommune**

Viser til e-post av 3.september kor vi blir oppmoda om å kome med våre merknader til brev frå Advokat Mjell datert 3.september.

#### **1: Minnelege forhandlingar**

Advokat Mjell hevdar at dei minnelege forhandlingane ikkje begynte før våren/sommaren 2018.

#### **Vår vurdering:**

Vi er ikkje einige i dette, men sett i lys av at forhandlingskravet uansett er oppfylt, så ser vi ingen grunn til å seie noko meir under dette punktet.

#### **2: Oreigningslova § 11**

Vidare har advokat Mjell hevda at vedtaket ikkje oppfyller krava som følgjer av oreigningslova § 11. I brevet blir det vist til skjønnsprosesslova § 11, men det er ordlyden til oreigningslova § 11 som er brukt. Advokat Mjell har stadfesta at det er oreigningslova som er riktig. Det blir gjort gjeldande at vedtaket ikkje oppfyller vilkåra etter § 11 dersom det blir erverva areal utanfor ervervskartet.

#### **Vår vurdering:**

Av forskrift til veglova § 50 går det fram at vedtak om eigedomsinngrep berre kan gjerast når det ligg føre vedtatt reguleringsplan etter plan- og bygningslova. Det er såleis reguleringsplanen som gir oss heimel til å fatte vedtak om ekspropriasjon. Det er derfor at ein har vist til reguleringsplan id: 415(**vedlegg 1**) i vedtaket, samt lagt ved reguleringsplankartet som eit vedlegg til

ekspropriasjonsvedtaket. I tillegg til dette har grunneigar fått tilsendt byggeteikning og ervervskart, som Statens vegvesen har utarbeida.

Det er utfordrande å få ervervskartet (**vedlegg 2**) til å bli 100 % riktig for arealet i Olaviken av fleire årsaker. For det første så ligg noko av arealet vi må erverve under dagens bru, som er eigd av Hordaland fylkeskommune. Matrikelkartet viser ikkje at det er nokon som eig arealet under brua, men som tidlegare nemnt, skal vi finne ut kor mykje areal det er snakk om, slik at dette blir tatt med i erstatningsfastsetjinga. For det andre er det utfordrande å få ervervskartet til å bli 100 % riktig, grunna at store delar av ervervet går ut i sjøen. Det er nemleg slik at ingen er oppført som eigar av sjøen i matrikelkartet, slik at ein derfor manglar grenser som ein kan bruke i ervervskartet. På trass av dette kan vi ikkje sjå at det ligg føre brot på oreigningslova § 11 i dette tilfelle. Grunngevinga for dette går fram av dei neste avsnitta.

Når ein samanliknar plankartet til reguleringsendringa planid 415 (**vedlegg 1**) med plankartet til den opprinnelege løysinga i Olaviken planid 274 (**vedlegg 3**), går det fram at grunneigaren må avstå arealet som ligg på austsida av dagens fylkesveg. I tillegg er det tydeleg at fyllinga strekk seg eit godt stykke ut i sjøen.

Dette har partane snakka om i møter, og det har også blitt gjort greie for i vårt første brev til Hordaland fylkeskommune i denne saka. I samband med dette viser vi til vårt brev til Hordaland fylkeskommune datert 16.08.18, særleg pkt. 1, 3, 4 og 5. I punkt 4 blir det særleg peika på at ervervet er av ein slik storleik at eigedomsretten i sjøen, som høyrer til arealet som ligger på land, må vere ein del av ervervet.

Som tidlegare nemnt er det reguleringsplanen som gir oss heimel til å ekspropriere på vegner av Hordaland Fylkeskommune. Når ein ser dette i samanheng med at plankartet viser at vi må erverve landarealet som ligg på austsida av fylkesvegen, samt eit godt stykke ut i sjøen, blir det synleggjort for grunneigaren kva som skal skje. Dette vil også vere tydeleg for skjønnsretten. I samband med skjønssaka skal det også gjennomførast synfaring på staden, kor ein skal vise og forklare kva som skal skje. På denne synfaringa vil ein luke ut eventuelle misforståingar, slik at skjønnsretten har klart for seg kva som går tapt når ein skal utmåle erstatninga.

Sett i lys av utgreiinga ovanfor, kan vi ikkje sjå korleis ein skal konkludere med at det ligg føre brot på oreigningslova § 11, når formålet med føresegna er ivaretatt.

### **3: Potensielle gjenverande rettar i sjø og eigarskap til grunnen under fylkesvegen**

Advokat Mjell har vist til at ein ikkje ber Statens vegvesen eller Hordaland Fylkeskommune om å ta stilling til desse punkta i denne runden. Det er derfor ingen grunn til å seie noko meir på dette punktet i denne omgang.

### **4: Gyldigheita av vedtaket om ekspropriasjon**

Advokat Mjell har gjort gjeldande at vedtaket om ekspropriasjon ikkje er gyldig.

I den nærare grunngevinga blir det vist til at det ikkje lenger ligg føre interesseovervekt for gjennomføring av tiltaket. Det blir peika på at føresetnadene ved interesseavveginga som blei gjort i samband med vedtakinga av planen er fullstendig endra, og at grunneigaren sine ulemper no betydeleg overstiger dei fordelane ein vil oppnå ved tiltaket.

**Vår vurdering:**

Oreigningslova § 2 andre ledd, slår fast at eit vilkår for ekspropriasjon er at tiltaket «tvillaust er til meir gagn enn skade».

Føresegna legg opp til ei konkret interesseavveging av dei motstridande interessene i saka, kor ulempene ved ekspropriasjon må vurderast opp mot fordelane som tiltaket medfører.

I Rt-2009-1142, er det med tilvising til forarbeida, lagt til grunn at uttrykket «tvillaust» gir uttrykk for eit klarleikskrav, ikkje eit krav om kvalifisert interesseovervekt, slik det tidlegare har blitt gjort gjeldande i juridisk teori. Vidare har Høgsterett slått fast at det ved ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan, normalt ikkje er plass til ei ny sjølvstendig vurdering av nødvendigheita av inngrepet og interesseavveging, jf. m.a. Rt-1999-513.

Den klare hovudregelen er derfor at interesseavveginga skal gjerast i samband med arbeidet og vedtakinga av reguleringsplanen.

Overført til vår sak inneber dette at ein kan slå fast at planmyndigheita ved vedtakinga av reguleringsplanen, har vurdert situasjonen slik at verknadene av reguleringsplanen «tvillaust er meir til gagn enn skade», jf. orl. § 2 andre ledd.

I samband med dette punktet viser vi særleg til s.10 i vedlagt sluttbehandling hos kommunestyret i Askøy kommune (**vedlegg 4**), kor det følgjer at reguleringsendringa blei vedtatt i tråd med rådmannens innstilling.

I rådmannens kommentar går det mellom anna fram at: « **Planen legger opp til at det kan etableres molo i planområde. Dersom vegvesenet får nok stein i vegprosjektene i Askøypakken kan moloen bli realisert. Vegvesenet sin oppgave er likevel først og fremst å bygge veg. Derfor stilles det ikke rekkefølgekrav om bygging av moloen. Det samme vil gjelde for området BUN(nausteområde). Når det gjelder kjørbar veg til området BUN, forholder rådmannen seg til vegvesenet sin vurdering om ikke å etablere flere avkjørsler langs fylkesvegen.**».

I denne samanhengen ønskjer vi også å presisere at heller ikkje gangvegen ned til naustarealet (BUN) er noko som vi er juridisk forplikta til å etablere.

Det er korrekt at vi ikkje har det masseoverskotet som vi trudde for ei stund tilbake, men det er framleis nok masseoverskot til at det svarar seg å etablere fylling i stadenfor bruløysinga som følgjer av den gamle planen. Samstundes er det slik at vi ikkje har masseoverskot til å etablere nauteområde, molo etc. Som det følgjer av vedlegg 4, er dette er noko som har vore med i vurderinga til Askøy kommune når planen blei vedtatt, og vi er derfor ueinige med Advokat Mjell om at føresetnadene ved interesseavveginga har blitt endra på ein slik måte ho hevdar.

Derfor må det konkluderast med at det ligg føre interesseovervekt i tråd med oreigningslova § 2, slik at vedtaket må reknast som gyldig.

